
Saksnr: 2020/72391-7
Saksbehandlar: Endre Høgalmen
Dato: 21.10.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Vurdering av søknader utanom etablerte søknadsordningar - overskotsmidlar 2020 – presisering av næringsutvalet sitt vedtak i sak 67/21 i møte 6.oktober

Hovudutval for næring har fått stilt til rådvelde 10 mill. kr til søknader innan næring som har kome inn utanom etablerte søknadsordningar. Desse midlane vart sett av i samband med sak om overskotsdisponering 2020 som var oppe i fylkestinget i juni 2021, PS 30/2021. Hovudutval for næring har fullmakt til å forvalte desse midlane.

Vi tek med følgjande frå saksframstillinga til saka som vart behandla av fylkestinget i juni: «Fylkeskommunen har fått inn ei rekkje søknader om tilskot; innan kultur- og næringsfeltet. Dette gjeld søknader utanom dei faste søknadsordningane. Ut frå det store søknadsomfanget, og at fagutvala har best innsikt i kva søknader som bør prioriterast, foreslår fylkesrådmannen at det vert sett av midlar som hovudutvala kan prioritere innanfor. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 10 mill. kr til kvart av hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for næring.»

Næringsutvalet disponerte desse midlane gjennom sak 67/21 i møte 6.oktober. I samband med møtet vart det reist spørsmål om tolkning av føringar frå fylkestinget i samband med bruken av dei aktuelle midlane. Hovudutvalet valde då å gjere sitt vedtak, mot at ein i ettertid sjekka ut om alle vedtakspunkta er innanfor fylkestinget sine føringar.

Administrasjonen har no gjort ei vurdering. Fylkestinget sine føringar er etter ordlyden klar på at midlane skal nyttast til å finansiere søknader. I følgjande vedtakspunkt går det ikkje fram at midlane skal nyttast til å finansiere søknader

- Marin satsing - deler av vedtakspunkt 7
- Vestlandsprosjekt der partnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt - vedtakspunkt

Utan at det går klart fram av vedtaket knyter nok intensjonen bak desse satsingane seg hovudsakleg til finansiering av eigeninitiert innsats der fylkeskommunen og samarbeidspartnerane skal arbeide med verdiskaping innan både marin sektor og innan frukt, bær og grønt. Ut frå dette er ordlyden i vedtaket då ikkje i tråd med føringane frå fylkestinget. På grunnlag av dette kan ein ikkje i verksetje bruk av midlar frå dei to nemnde vedtakspunkta. Administrasjonen må følgjeleg kome tilbake med ei sak til næringsutvalet der ein disponerer dei midlane som er avsett til marin satsing og frukt, bær og grønt.

Dei andre vedtakspunkta i næringsutvalet sitt vedtak er innanfor føringane frå fylkestinget, også utviding av midlar til Stad skipstunnel som ligg inne i eit fellespunkt frå næringsutvalet saman med midlar til marin satsing. Men oppfølging av desse vedtaka har ikkje hast, då vi er i ferd med å innhente tilleggsopplysingar - m.a. som grunnlag for tilskotsbrev.

Administrasjonen kjem som nemnt tilbake med ei sak om disponering av midlar til marin satsing og fellesinnsats innan frukt, bær og grønt. Vedtak om midlar til marin satsing og frukt, bær og grønt kan følgjeleg ikkje iverksetjast før næringsutvalet har teke stilling til dette på nytt. Ei ev løysing kan vere å presisere at midlane skal nyttast til å finansiere søknader, for å halde seg innanfor fylkestinget sine føringar. Men dette vert drøfta i ei komande sak til næringsutvalet.

For ordens skuld syner vi her næringsutvalet sitt vedtak i sak 67/21 i møte 6.oktober 2021:

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 8:

Dei resterande 1.75 mill. kr vert disponert til marin satsing. Tildeling til Stad skipstunnel vert auka med kr 250.000 frå kr. 500 000 til kr. 750 000.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert sett av 600 000 kr til prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» for 2023-2024. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte når status for åra 2021 og 2022 er kjent, og på bakgrunn av ei tydeleg forankring og samarbeid i partnerskapen.

2. Det vert sett av inntil 3,5 mill kr til støtte til fellestpakkeri for frukt og bær i Nordfjord, jf søknad frå Innvik Fruktlager. Dette føreset støtte frå andre aktørar, jf finansieringsplanen. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte, og høve til å setje nærmare vilkår for støtta.

3. Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.

4. Invest in Bergen vert tildelt inntil 450 000 kr til prosjektet «Ocean Innovation Showroom» - eit visningssenter for havnasjonen Norge, fase 2.

5. Stad kommune vert tildelt inntil 500 000 kr til prosjektet «Ringverknadar Stad Skipstunnel fase 1», under føresetnad av at dei tre kommunane i prosjektet også går inn med midlar.

6. Det vert sett av 500 000 kr til støtte til konferansar. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.

7. Det vert sett av inntil 200 000 kr til å støtte mindre søknader. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.

8. Dei resterande 1.75 mill. kr vert disponert til marin satsing. Tildeling til Stad skipstunnel vert auka med kr 250.000 frå kr. 500 000 til kr. 750 000.

9. Fylkeskommunedirektøren får høve til å setje nærmare vilkår i tilskotsbrev